

Saksbehandlar: Eva Moberg
Avdeling: Kulturavdelinga
Sak nr.: 13/7883-2

Tilskot til Musea i Sogn og Fjordane 2014

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane for 2014 som er fastsett gjennom fylkestinget sitt budsjettvedtak vert betalt ut.
2. Føringane for bruken av midlane vert formidla gjennom tilskotsbrevet, basert på fylkestinget sitt budsjettvedtak og saksframstillinga.

Vedlegg:

Statsbudsjettet 2014 - tilskotsbrev

SAKSFRAMSTILLING

1. BAKGRUNN

Tenesteområde 7600 i budsjett for 2014 inneheld fylkeskommunalt tilskot til Musea i Sogn og Fjordane og driftstilskot til Tusenårsstaden Gulatinget. Det er sett av følgjande summar i budsjettet:

Musea i Sogn og Fjordane: 15,837 mill. kroner
Tusenårsstaden Gulatinget: 1,040 mill. kroner

Musea i Sogn og Fjordane får eit statleg tilskot i 2014 på 30,506 mill. kroner (jf. vedlegg). Fordelinga av statlege midlar til dei einskilde museumseiningane, vil skje via driftsstyret for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane.

Museumspolitikken i Norge er utforma gjennom Stortingsmelding nr. 22 (1999-2000). Her har staten også innført ei grense på maksimum 60% av statleg finansiering og minimum 40% regionalt/lokalt tilskot når det gjeld det offentlege tilskotet til musea.

I 2008/2009 vart alle musea i fylket konsolidert og drifta av musea er no eit ansvar for stiftinga Musea i Sogn og Fjordane. Dei tidlegare sjølvstendige musea er no driftseiningar under stiftinga.

Konsolideringa av musea har m.a. medført solid auke i driftstilskot frå stat og dermed også frå fylkeskommunen, som i hovudsak er den som har teke ansvar for å fylle opp den regionale potten som er forventa ut frå at det statlege tilskotet maksimalt er avgrense til 60% av det offentlege driftstilskotet.

Andre opplysningar:

Norsk Kulturråd har i 2013 gjennomført ei evaluering av organisasjonsformene i musea etter konsolideringane. Fire museum har vore undersøkt; Jærmuseet, Hedmark fylkesmuseum, Museene for kystkultur og gjenreising i Finnmark og Musea i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen har ikkje vore kontakta i denne prosessen, og det er heller ikkje komme noko signal om funna i evalueringa i seg sjølv vil vere grunn for vidare oppfølging frå staten si side. Eit av hovudfunna i evalueringa er at MiSF er komme kortast i integrasjonsprosessen, og forsøk på «omkamp» etter konsolideringa må erstattast av intern vilje til samarbeid.

2. VURDERING OG KONSEKVENSA

2.1. Statstilskot til Musea i Sogn og Fjordane 2014

Statstilskotet til Musea i Sogn og Fjordane er auka med 4,2 mill. kroner samanlikna med 2013. Av dette er 3,3 mill. kroner realauke for å gje rom for å dekke husleigekostnader til Statsbygg når det nye bygget til Reiselivsmusset i Balestrand skal takast i bruk i 2014.

Staten har følgjande hovudmål for museumssektoren i 2014 (jf. vedlegg):

1. **Fornyng.** *Musea skal vere profesjonelle og aktuelle institusjonar og ha ei aktiv samfunnsrolle, med planar og strategiar for fagleg utvikling og nytenking innafor forvaltning, forskning og formidling.*
2. **Forvaltning.** *Samlingane ved musea skal tryggast og takast best mogeleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege gjennom god sikring og bevaring, dokumentasjon, prioritering og koordinering.*
3. **Forskning.** *Forskning og kunnskapsutvikling er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling, og skal utviklast ved auka forskingssamarbeid mellom musea og mellom museum og forskingsmiljø.*
4. **Formidling.** *Musea skal nå alle med kunnskap og opplevingar, gjennom målretta tilrettelegging og aktuell, kritisk og nyskapande formidling som fremjar innsikt og refleksjon.*

Departementet minner elles om at:

- *offentleg og privat verksemd retta mot allmenta skal vere universelt utforma, og at dette også gjeld for nye IKT-løysingar retta mot allmenta.*
- *personar med følgjeprov for funksjonshemma som kjøper billett til ordinær pris, får rett til gratis billett for følgjepersonen, eller at det er rabattordningar slik at billettkostnadene fir den funksjonshemma og følgjepersonen samla ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.*
- *offentlege styresmakter og private arbeidsgjevarar er pålagde å arbeide aktivt for å fremje likestilling. Musea i Sogn og Fjordane må gjere greie for arbeidet med likestilling og status for dette arbeidet i 2014.*
- *det er viktig å ha oppdaterte og gode vedtekter som på best mogeleg måte reflekterer verksemda ved museet.*
- *Alle tilskotsmottakarar skal utnytte eigeninntekspotensialet sitt og må aktivt arbeide for å utvikle inntektskjeldene sine. Det er difor viktig å tryggje finansieringa av verksemda gjennom andre bidrag enn det offentlege tilskotet.*

Nytt i 2014 er at regjeringa innfører ei ny gåveforsterkingsordning for å styrke den private finansieringa av kulturinstitusjonane. Ordninga inneber at staten yter eit tillegg på 25 prosent av gåvesummen ved private gåver til kunstinnkjøp til nasjonale og regionale kunstmuseum og pengegåver for å setje i stand norske museumsanlegg. Departementet vil kunngjere retningslinjer for ordninga tidleg i 2014 og musea vil bli særskilt informerte. Fylkesdirektøren føreset at Musea i Sogn og Fjordane gjer sitt for å komme i posisjon til å nytte ordninga.

2.2.Fylkeskommunalt tilskot til Musea i Sogn og Fjordane 2014

Løyse prioriterte oppgåver:

Musea i Sogn og Fjordane har mange og store utfordringar i høve drift, vedlikehald og utvikling av samlingane. Fylkeskommunen ba difor styret for Musea i Sogn og Fjordane hausten 2013 om ei prioriteringsrekkefølge. Dette vart gjort, og på bakgrunn av MiSF sine egne prioriteringar, er det gjennom fylkestinget sitt vedtak lagt til rette for at tre av dei viktigaste oppgåvene skal finne ei løysing no. Av fylkestingssak 55/13, Budsjett 2014/Økonomiplan 2014-2017, går det såleis fram at auken i det fylkeskommunale tilskotet for 2014 skal gå til å:

- dekke husleige ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde ifølgje avtale, der også Førde kommune deltek i finansieringa.
- finansiere låneopptak til naudsynt rehabiliteringsarbeid ved Kystmuseet der det er forventa at også Flora kommune deltek i finansieringa.
- delfinansiere utstilling ved Norsk Reiselivsmuseum gjennom låneopptak.

Nye avtaler med kommunane:

Fylkeskommunen ser at den relative fordelinga mellom kommunane og fylkeskommunen når det gjeld driftstilskotet Musea i Sogn og Fjordane har utvikla seg i retning der fylkeskommunen har tatt all auke i høve auke i statsbudsjettet. Dette har ført til at den fylkeskommunale delen i finansieringa av museumsdrifta er over 30% medan den kommunale delen no er under 10%. På bakgrunn av drøftingane i budsjettprosessen, har fylkesrådmannen bedt Musea i Sogn og Fjordane ta ansvar for å forhandle fram ny avtale med kommunane. Gjeldande avtaler er sagt opp, og målet er at kommunane f.o.m. 2017 bidreg med 15% av tilskotet, fylkeskommunen med 25 % og staten med 60%.

Andre forventningar:

I tillegg til å støtte opp under dei nasjonale føringane, ser fylkeskommunen det naturleg at Musea i Sogn og Fjordane tek del i prioriterte satsingar som fylkeskommunen initierer. I tilskotsbrevet til Musea i Sogn og Fjordane vil fylkesdirektøren be om at det vert lagt vekt på følgjande:

- Ei styrking av publikumsarbeidet. I 2014 vil Musea i Sogn og Fjordane bli bedt om å gjennomføre ei publikumsundersøking (jf målekart).
- Arbeidet med digital samlingsforvaltning og digital formidling vert forventa vidareført som eit viktig satsingsområde i 2014.
- Som del av ein aktiv formidlingsstrategi vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane har dialog med reisemålsselskapa om marknadsføring av tilbod, arrangement og aktivitetar gjennom året.
- Fylkeskommunen vil utfordre Musea i Sogn og Fjordane til å tenkje tilrettelegging av tilbod som kan turnere i den kulturelle skulesekken.
- I oppfølging av kommunane sitt arbeid med lokale kulturminneplaner vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane kan bidra overfor kommunane med informasjon, kunnskap og råd knytt til lokalhistoriske tema.

3. Konklusjon/tilråding

Musea i Sogn og Fjordane har store utfordringar knytt til drift og vedlikehald av museumsbygg. Auken i det fylkeskommunale tilskotet for 2014 skal gå til å dekke husleiga ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum i Førde og til låneopptak for å finansiere naudsynt rehabiliteringsarbeid ved Kystmuseet. I tillegg kan auken nyttast til låneopptak for å finansiere utstilling ved Norsk Reiselivsmuseum.

Avtalane om finansiering av drifta av musea i fylket er sagt opp, og fylkeskommunen har bedt Musea i Sogn og Fjordane ta arbeidet med å få til ny, fast finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane, kommunane og fylkeskommunen.

Med fylkeskommunalt tilskot følger det ei og ei forventning om at Musea i Sogn og Fjordane skal legge vekt på å imøtekomme dei regionale forventingane til samarbeid om prioriterte regionale satsingar.